

# **Formannskapets framlegg**

**Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022**

<b>1.</b>	<b>RÅDMANNENS INNLEIING.....</b>	<b>4</b>
<b>2.</b>	<b>DRIFTSBUDSJETT.....</b>	<b>7</b>
2.1.	BUDSJETTSKJEMA 1A OG 1B.....	7
2.2.	FRIE INNTEKTER.....	8
2.3.	NETTO DRIFTSRAMMER I ØKONOMIPLANPERIODEN.....	8
<b>3.</b>	<b>INVESTERINGSBUDSJETT.....</b>	<b>9</b>
3.1.	BUDSJETTSKJEMA 2A OG 2B.....	9
3.1.1.	<i>Investeringar i økonomiplanperioden.....</i>	10
3.1.2.	<i>Finansiering av investeringane .....</i>	10
3.1.3.	<i>Kommentarar til investeringsbudsjettet .....</i>	11
<b>4.</b>	<b>EIGEDOMSSKATT .....</b>	<b>13</b>
<b>5.</b>	<b>NÆRINGS- OG LANDBRUKSFOND.....</b>	<b>13</b>
<b>6.</b>	<b>STATUS .....</b>	<b>14</b>
6.1.	ØKONOMI .....	14
6.1.1.	<i>Handlingsreglar for Vågå kommune.....</i>	14
6.1.2.	<i>Oversikt over netto driftsresultat korrigert for premieavvik og bundne fond.....</i>	15
6.1.3.	<i>Rekneskapsføring av pensjon.....</i>	15
6.1.4.	<i>Lånegjeld.....</i>	16
6.2.	DEMOGRAFI .....	17
6.2.1.	<i>Helsetilstanden i befolkninga.....</i>	19
6.2.2.	<i>Likestilling .....</i>	19
6.2.3.	<i>Integrering .....</i>	19
6.3.	BEREDSKAP .....	19
<b>7.</b>	<b>TILTAK I ØKONOMIPLANPERIODEN.....</b>	<b>20</b>
7.1.	PLANOPPGÅVER .....	20
<b>8.</b>	<b>KONSEKVENSAR KNYTT TIL ÅRSBUDSJETT OG ØKONOMIPLANPERIODEN.....</b>	<b>20</b>
8.1.	INNSPARINGSTILTAK .....	20
8.1.1.	<i>Kommentarar til innsparingstiltak .....</i>	21
8.2.	TILTAK SOM AUKAR DRIFTSUTGIFTENE .....	23
8.2.1.	<i>Kommentarar til tiltak som aukar driftsutgiftene .....</i>	23
8.3.	FRAMLEGG SOM IKKE PÅVERKAR TALBUDSJETTET.....	25
8.4.	VÅGÅ KYRKJELEGE FELLESRÅD.....	25
8.5.	TILTAK DET IKKJE ER FUNNE ROM FOR I 2019 .....	26
<b>9.</b>	<b>MÅL .....</b>	<b>26</b>
9.1.	HOVUDUTFORDRINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN.....	26
9.1.1.	<i>Skape forståing for at aktiviteten i tenesteytinga er tilpassa budsjettramma .....</i>	26
9.1.2.	<i>Netto driftsresultat — auka handlefridom .....</i>	26
9.1.3.	<i>Vidareføring av omstillinga innan helse og mestring .....</i>	27
9.1.4.	<i>Forbetre integreringsarbeidet av busette flyktingar.....</i>	27
9.1.5.	<i>Galleri Ullinsvin og «Munch — den nordlige rute» .....</i>	28
9.1.6.	<i>Sikre fokus på førebyggjande arbeid gjennom samarbeid på tvers av faggrenser.....</i>	28
9.1.7.	<i>Leggje til rette for positiv samfunnsutvikling/stabilisere folketalet.....</i>	28
9.1.8.	<i>Leggje til rette for frivillig innsats som supplement til det offentlege hjelpeapparatet.....</i>	29
9.1.9.	<i>Gje tydeleg og rett informasjon ut til kommunen sine innbyggjarar .....</i>	29

9.1.10. <i>Fokus på nærværarbeid</i> .....	29
9.1.11. <i>Rekruttere og behalde kompetanse</i> .....	29
<b>VEDLEGG 1 – ORGANISASJONSKART</b> .....	<b>30</b>
<b>VEDLEGG 2 – ØKONOMISKE HOVUDOVERSIKTER DRIFT OG INVESTERING</b> .....	<b>31</b>
<b>VEDLEGG 3 – GRUNNLAG REKNEARKMODELL</b> .....	<b>33</b>
<i>Hovudoversikt</i> .....	33
<i>Område rådmann</i> .....	34
<i>Område barnehage og utdanning</i> .....	36
<i>Område helse og mestring</i> .....	37
<i>Område teknisk og beredskap</i> .....	38
<i>Område interkommunale samarbeid der Vågå er medlemskommune</i> .....	39
<i>Frie inntekter</i> .....	40
<i>Finans</i> .....	41
<i>Investeringsoversikt</i> .....	42
<b>VEDLEGG 4 – KOSTRA</b> .....	<b>43</b>
<i>Vurdering for kommunen</i> .....	43
<i>Grunnskole</i> .....	47
<i>Pleie og omsorg</i> .....	52
<i>Kommunehelse</i> .....	56
<i>Sosiale tjenester</i> .....	57
<i>Kultur og idrett</i> .....	58
<i>Adm, styring og fellesutgifter</i> .....	60
<i>Vann, avløp og renovasjon</i> .....	61
<i>Næringsforv. og konsesjonskraft</i> .....	63

# ØKONOMIPLAN 2019 – 2022

---

## 1. RÅDMANNENS INNLEIING

Kommunestyret skal ein gong i året vedta ei rullering av økonomiplanen. Den skal omfatte minst dei fire neste budsjettåra. Økonomiplanen skal omfatte heile kommunen sin verksemد. Målsettinga er å gje lesarane ei god oversikt over situasjonen med moglegheiter og utfordringar, samt tydelege mål for arbeidet som skal gjerast i kommunen vår. Det er eit krav at årsbudsjettet skal vere i balanse. Den skal gje ei realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i økonomiplanperioden. Kommunestyret skal innan årsskifte vedta eit budsjett for komande kalenderår. I tillegg til drift i eigen regi, inkluderer Vågå kommune sitt budsjett og utgifter til drift som skjer i regi av andre. Dette gjeld interkommunalt samarbeid etter § 27 i kommuneloven og anna interkommunalt samarbeid.

Fyrste året i økonomiplanen er årsbudsjett for 2019. Økonomiplanen blir revidert i tråd med dei føresetnader og vedtak som er gjort/blir gjort. Åra 2019 – 2022 blir justert i hht. årsbudsjettet for 2019. Økonomiplanen er utarbeidd i faste 2018-kroner. Dette inneber at inntekter og/eller utgifter som er faste i planperioden, for eksempel avdrag på lån, sannsynleg vil ha mindre verdi i 2020 enn i 2019.

I Vågå har vi vald å behandle økonomiplanen og komande års budsjett samstundes. Hovudfokus i denne planperioden har difor vore å få saman eit realistisk budsjett for 2019, for å sikre eit godt innslag for 2020.

Kommunen sin viktigaste oppgåve er leve gode tenester til sine innbyggjarar og legge til rette for berekraftig aktivitet som og gjev vekst. Kva for tenester kommunen leverer blir bestemt i stor grad av nasjonale overføringer, men handlar og om lokale politiske prioriteringar. Kommunen sin oppgåve blir å dimensjonere tenestetilbodet ut frå innbyggjarane sine behov og ut frå kommunen si til ein kvar tid økonomiske ramme.

Rådmannen meiner at ein framover må ha to hovudfokus. Ein må arbeide systematisk med tilflytting og marknadsføre det unike som våre lokalsamfunn har å by på, men ein må også tilpasse seg endring i demografi. Det betyr at Vågå kommune må ta innover seg at befolkningssamsetninga endrar seg naturleg. Det vil bli færre unge og arbeidsføre og fleire eldre i bygdene framover og kommunen må planlegge for å gje gode tenester ut frå desse føresetnadene.

Kommuneøkonomien oppfattast som stram i Vågå kommune. Heldigvis auka dei frie inntektene for 2019 meir enn det vi håpa på. Dette gjer ikkje at utfordringsbilete framover endrar seg, men gjev oss noko meir tid til omstilling og tilpasse oss riktig aktivitetsnivå. Rådmannen meiner at året som kjem må byggje vidare på grunntanken i økonomiplanen for 2018. Ein må sjå på organisering og drift av kommunen sitt tenestetilbod på mange område, og ikkje minst søkje samarbeid med våre nabokommunar der ein kan hente ut gevinstrealisering. Innovasjon og omstilling blir sentrale omgrep. I arbeidet med å tilpasse seg framtidas rammevilkår må vi sette av tid og ressursar i 2019 og 2020 for å sikre medverknad og gode prosessar i omstillingsarbeidet.

Vågå kommune har ei ny overordna organisering. Endringane utgjer ein ekstra kommunalsjef i kommunen. I tillegg er tenesteområda meir reinare organisert. Rådmannen vurderer dette som nødvendig for å sikre samhandling både horisontalt og vertikalt i organisasjonen. Overordna organisering og inndeling av tenesteområde er også basert på dei tilbakemeldingane som er gjeve frå organisasjonen og som tilpassing til framtida.

Vågå kommune gjev gode tenester til innbyggjarane sine i dag, men det vil bli stadig meir krevjande i åra framover. Rådmannen er av den oppfatning at vi må bli enda tydelegare på kommunen sine prioriteringar. Presset på kommuneøkonomien kjem ikkje til å reduserast. Arbeidspresset på dei tilsette er stor og i framtida må ein arbeide på måtar som gjev meir for pengane, og på sikt gje gevinstrealisering.

Vågå kommune er ein del av KS sitt pilotprosjekt; læringsnettverk for framtidas tenestekvalitet, arbeidsmiljø og effektiv drift i helse og omsorg. Hovudfokus for Vågå kommune vil vere «tenestedesign og oppgåveanalyse, kor vi skal ha fokus på brukaren i sentrum og samhandling gjennomgåande i organisasjonen vår. Rådmannen har og i sitt planforslag lagt vekt på omstilling og utvikling og synleggjort dette i kommunen sitt organisasjonskart. Vi må tenkje nytt og innovativt ved utforming av tenestetilbodet vårt. Dette stiller store krav til den enkelte tilsette og til leiarane som må vere løysingsorienterte og gjennomføre planlagt endringsarbeid. Vågå kommune har starta ei retningsendring med dreiling av ressursar frå institusjon til heimetenesta, og der vi i større grad skal drive helsefremjande og førebyggjande tiltak. Samarbeidet med Sel er ein viktig del av omstillingsarbeidet som drivast i dag, og målsettinga er at vi kan unngå store investeringar i begge kommunane.

Rådmannen ønskjer å gjennomføre leiarutdanning for alle tenesteområde våren 2019.

Vi har fleire uløyste arbeidsområde internt i kommunen. Helse- og omsorgsprosjektet er det største. Utfordringar knytt opp mot stengt symjehall er ein annan. Dette blir store investeringar og kan berre forsvarast ved at vi greier å fordele om, og ta ned tenestekostnadane tilsvarande som finansutgiftene aukar. Om dette ikkje blir gjort blir handlingsrommet til kommunen svekka i mange år framover.

Årlege låneopptak som er større enn det som årlege lånearvdrag, fører til at kommunen sine samla utgifter til renter og avdrag på lån aukar. Om vi ser bort frå eit mogleg utbyggingsprosjekt innan Helse- og Omsorg, bør Vågå investere mindre årleg enn det vi betaler i renter og avdrag.


Det er særskilt viktig å gjere alt vi kan for å halde innbyggjartalet i Vågå oppe. Det må vere eit klart prioritert mål for heile organisasjonen å stå fram som attraktive for nyetablerarar og tilflyttarar. Vidare er det viktig å hugse på at det aldri har vore så mange personar gjennomgåande i kommunen vår, enten i form av busette, deltidsbusette eller andre besøkjande. Desse må sjåast på som ein ressurs.

Rådmannen vil og streke under at ein offensiv mottakspolitikk av flyktningar og asylsökjarar er eit viktig tiltak for å halde folketalet oppe, samstundes som flyktningane og er ein viktig ressurs for lokalsamfunnet.

Trass i mindre overføringer frå staten leverer Vågå kommune gode tenester til sine innbyggjarar. Vi må likevel bli meir effektive og rasjonelle som organisasjon. Vågå kommune har høgt kompetente og positive tilsette som er motoren i organisasjonen, desse må involverast om omstilling skal lukkast.

Ein viktig suksessfaktor er at politikarane og rådmannen har felles forståing av utfordringane Vågå kommune står overfor, og halde fram med å gå i takt.

Vågå 5. 11. 2017



Jan-Egil Fossmo

Rådmann

## 2. DRIFTSBUDSJETT

### 2.1. Budsjettskjema 1A og 1B

Kommunestyret skal ein gang i året vedta økonomiplan, jamfør kommuneloven §44. Kommunestyret skal sjølv vedta driftsbudsjettet sett opp i henhold til budsjettskjema 1A. Budsjettvedtaket skal gje ei nettoløyving pr. rammeområde i driftsbudsjettet, også kalla budsjettskjema 1B. Rammeområda er samansett av fleire tenesteområde.

<b>BUDSJETTSKJEMA 1A - DRIFT</b>		<b>2019</b>
Skatt på inntekt og formue		-78 324
Ordinært rammetilskot		-148 888
Skatt på eidegod		-16 900
Andre direkte eller indir. skatter		-795
Andre generelle statstilskot		-800
<b>Sum frie disponibele inntekter</b>		<b>-245 707</b>
Renteinntekter og utbytte		-10 743
Renteutgifter og andre finansutgifter		7 089
Avdrag på lån		15 000
<b>Nto finansinnt./utg.</b>		<b>11 346</b>
Til dekn av tidl. reknesk.m. meirforbruk		0
Til ubundne avsetningar		100
Til bundne avsetningar		795
Bruk av tidl reknesk.m. mindreforbruk		0
Bruk av ubundne avsetningar		0
Bruk av bundne avsetningar		0
Overført til investeringsbudsjettet		0
<b>Til fordeling drift</b>		<b>-233 466</b>
<b>Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)</b>		<b>240 083</b>

<b>BUDSJETTSKJEMA 1B - DRIFT</b>		<b>2019</b>
Stab/støtte		36 989
Helse og omsorg		89 724
Oppvekst, kultur og NAV		64 802
Teknisk osb.		29 118
Interkommunale samarbeid		19 450
<b>Sum fordelt til drift</b>		<b>240 083</b>
Sum fordelt til drift, jf skjema 1A		-233 466
Differanse		6 617

#### Differansen skuldast:

Sal kon.skrift, ikkje i 1A og ikkje fordelt i 1B	-3 500
Avskr. sjølvkost, ikkje i 1A og ikkje fordelt i 1B	-3 117
<b>Sum avviksforklaringar</b>	<b>-6 617</b>
<b>Differanse etter avviksforklaringar</b>	<b>0</b>

## 2.2. Frie inntekter

	2019	2020	2021	2022
Sum frie disponible inntekter	-248 412	-248 412	-248 412	-248 412

## 2.3. Netto driftsrammer i økonomiplanperioden

	2019	2020	2021	2022
<b>Rådmann</b>	<b>36 989</b>	<b>37 514</b>	<b>37 514</b>	<b>37 514</b>
Sentraladministrasjon	15 676	15 968	16 048	16 118
Fellestenester	7 413	7 413	7 413	7 413
Næring	1 653	1 653	1 653	1 653
Tildelingskontor	1 266	1 266	1 266	1 266
Innkjøpskontor	405	708	708	708
Skattekontor	698	698	698	698
Kultur	6 301	6 231	6 151	6 081
NAV	3 577	3 577	3 577	3 577
<b>Helse og mestring</b>	<b>89 724</b>	<b>89 724</b>	<b>89 724</b>	<b>89 724</b>
Vågåheimen	32 112	32 112	32 112	32 112
Heimesjukepleia	23 009	23 009	23 009	23 009
Miljøterapitenesta	22 403	22 403	22 403	22 403
Helsetenester	12 200	12 200	12 200	12 200
<b>Barnehage og utdanning</b>	<b>64 802</b>	<b>64 302</b>	<b>64 302</b>	<b>64 302</b>
Søre Grindstugu barnehage	7 066	7 066	7 066	7 066
Lalm barnehage	3 118	3 118	3 118	3 118
Barnehage og grunnskulens fellesskap	11 028	10 528	10 528	10 528
Lalm skule	6 167	6 167	6 167	6 167
Vågåmo skule	20 697	20 697	20 697	20 697
Vågå ungdomsskule	14 939	14 939	14 939	14 939
Kulturskulen	1 500	1 500	1 500	1 500
Vaksenopplæring	287	287	287	287
<b>Teknisk og beredskap</b>	<b>29 118</b>	<b>28 568</b>	<b>28 568</b>	<b>28 568</b>
Landbrukskontor	1 953	2 043	2 043	2 043
Beredskap	100	100	100	100
Tekniske tenester	27 065	26 425	26 425	26 425
<b>Interkommunale samarbeid</b>	<b>19 450</b>	<b>19 800</b>	<b>19 800</b>	<b>19 800</b>
<b>Finansutgifter</b>	<b>8 329</b>	<b>8 504</b>	<b>8 504</b>	<b>8 504</b>
Sum netto driftsramme	248 412	248 412	248 412	248 412

### 3. INVESTERINGSBUDSJETT

#### 3.1.Budsjettskjema 2A og 2B

<b>BUDSJETTSKJEMA 2A - INVESTERING</b>		<b>2019</b>
Investeringar i anleggsmidlar		21 298
Utlån og forskotteringer		3 000
Avdrag på lån		900
Avsetningar		0
<b>Årets finansieringsbehov</b>		<b>25 198</b>
<b>Finansiert slik:</b>		
Bruk av lånemidlar		-20 110
Inntekter frå sal av fast eigedom		0
Tilskot til investeringar		0
Momskompensasjon til investeringar		-3 068
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar		-900
Andre inntekter		0
<b>Sum ekstern finansiering</b>		<b>-24 078</b>
Overført frå driftsbudsjettet		-1 120
Bruk av avsetningar		0
<b>Sum finansiering</b>		<b>-25 198</b>
<b>Udekka/udisponert</b>		<b>0</b>

<b>BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERING</b>		<b>2019</b>
Stab/støtte		1 150
Helse og omsorg		0
Oppvekst, kultur og NAV		600
Teknisk osb.		18 428
<b>Sum fordelt til rammeomr. investeringar</b>		<b>20 178</b>
Andre investeringsutgifter enn nybygg/nyanlegg (Startlån, EK-innskot KLP)		5 020
<b>Sum brutto investeringsbudsjett</b>		<b>25 198</b>

### 3.1.1. Investeringar i økonomiplanperioden

	2019	2020	2021	2022
<b>Prosjekt (brutto kostnad):</b>				
<b>Rådmann</b>				
Regiondata	430			
Nytt IT utstyr	720			
<b>Oppvekst, kultur og NAV</b>				
IKT-investeringar grunnskule	600			
<b>Teknisk mm.</b>				
Prosjekt helse og omsorg (inkl. Moavegen og tiltak i boligsosial plan)	5 950			
ENØK kulturhuset/Vågåhallen	2 400			
Kommunale vegar	3 062			
ENØK plan	120			
Ventilasjonsanlegg Eksismoen	540			
Oljeutskiller brannstasjon	420			
Støttemur Holvegen	400			
Gangbru over Finna	4 020			
Solskjerming ungdomsskulen	516			
Tankbil		1 200		
Forprosjekt Lalm vassverk	500			
Tiltaksplan VA Vågåmo (sjølvkost), prosjektering Øvre Langskåre	500	3 500	3 500	3 500
<b>Andre investeringar</b>				
Eigenkapitalinnskot KLP	1 120	1 140	1 160	1 180
Nye formidlingslån	3 000	3 000	3 000	3 000
Avdrag formidlingslån	900	900	900	900
<b>Sum kommune</b>	<b>25 198</b>	<b>9 740</b>	<b>8 560</b>	<b>8 580</b>

\*Tabellen syner brutto investeringsramme, momskompensasjon kjem i frådrag

### 3.1.2. Finansiering av investeringane

<b>FINANSIERING I PLANPERIODEN:</b>				
Bruk av investeringslån	-16 110			
Bruk av investeringslån (sjølvkost)	-1 000	-4 700	-3 500	-3 500
Bruk av startlån (vidareutlån)	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000
Overført frå driftsbudsjettet	-1 120	-1 140	-1 160	-1 180
Mottekne avdrag utlån	-900	-900	-900	-900
Momskompensasjon investering	-3 068			
<b>Sum finansiering</b>	<b>-25 198</b>	<b>-9 740</b>	<b>-8 560</b>	<b>-8 580</b>

### **3.1.3. Kommentarar til investeringsbudsjettet**

Rådmannen har gjennom sitt forslag til budsjett 2019 og økonomiplanen lagt vekt på moderasjon med omsyn til dei store investeringane Vågå kommune må gjere framover, med unnatak av helse og omsorgsprosjektet.

#### **Regiondata**

Hovudtyngda av investeringar for 2019 er knytt til investeringar i serverfarm med basis i at Regiondata overtok drifta frå 1. juni 2018. I tillegg er det planlagt innkjøp av fagsystem for innfording og fysioterapi. Vidare er det avsett midlar til digitalisering, og eventuelle nye fagsystem som følgje av dette arbeidet.

#### **IKT i skulen**

Satsing på IKT i skulen har hulde fram i mange år. Kommunen har nå bygd ut både infrastruktur og oppgradert maskinpark. Rådmannen vurderer det dit hen at denne satsinga må halde fram for å sikre at elevane våre har digital kompetanse og nødvendig IKT utstyr i undervisninga. Det er nedsett ei prosjektgruppe som skal evaluere satsinga så langt. Evalueringa skal vere ferdig innan utgangen av 2018. Dette arbeidet må og sjåast i samanheng med kommunen sin eigen digitaliseringssstrategi.

#### **Nytt IT utstyr**

Som følgje av att Regiondata har oppgradert sin serverpark må tynnklientane og nokre av dei eldste skrivarane på dagsenteret, i bustadene, heimetenesta og på Vågåheimen skiftast ut med nye. Det er ikkje lenger mogleg å logge på Regiondata med eksisterande utstyr.

I tillegg har Microsoft varsla att Windows 7 ikkje lenger vil vere støtta frå januar 2020. Kring 25 av kommunens PC-ar er så gamle at dei framleis køyrer dette operativsystemet, og må erstattast av nye.

#### **Prosjekt Helse og omsorg (inkl. Moavegen 13B og tiltak i bustadsosial plan)**

Med bakgrunn i kommunestyrets vedtak i handsaming av helse og omsorgsplan, skulle prosjektet vurderast på nytt i forhold til rehabilitering av eksisterande bygningsmasse. Konsulentfirmaet Agenda Kaupang er bedd om å sjå på bemanningsplanar for dei ulike løysingane, for å betre kunne vurdere beste alternativ. Vidare arbeid med prosjektering og planlegging er stipulert til kr. 5 mill. i 2019.

#### **ENØK plan**

Det vart i 2016 utarbeidd ein Enøkrappoort for 11 utvalde kommunale bygningar. I samarbeid med konsulentfirmaet Vinn AS er 5 større bygg tilstandsvurdert. Rapporten syner eit stort vedlikehaldsetterslep, men og eit betydeleg potensial for innsparing innan energibruk. Før gjennomføring av enøk-tiltak bør rapporten reviderast med siste forbrukstal og eventuelle endringar i bygningane. Anbefalte tiltak må og vurderast opp mot dagens regelverk hjå Enova for størst mogleg tilskot/best mogleg økonomi i prosjekta.

#### **ENØK kulturhuset/Vågåhallen**

Vågåhallen fekk ny led- belysning i 2013. Det var på det tidspunktet kjent, at storparten av varmepanelen i hallen var defekte. Planen var å erstatte varmepanelen med vassboren varme i 2015, og at ein skulle bruka mellombels løysing til oppvarming etter behov. Varmepanelen i taket vart difor fjerna, samtidig som jobben med utskifting av belysninga vart gjort. Tiltaket med å få på plass ny grunnoppvarming av Vågåhallen har i fleire omgangar vorte skyvd ut i tid, og er nå lagt inn med kr. 2,0 mill. i 2019. Det er viktig å få erstatta dei gamle varmepanelen som vart fjerna i 2013 med ny

varmekjelde, for å unngå problem med frost og tele. Planen er å konvertera elektrisk oppvarming i hallen og delar av kulturhuset, til vassboren bio-varme.

#### **Kommunale vegar**

Årleg investering på kr. 2, 5 mill. er lagt inn jf. kommunestyrevedtak 83/16. Investeringsplan for veg må vurderast opp i mot hovudplan veg med tanke på vidare investeringar frå 2020.

#### **Ventilasjonsanlegg Eksismoen bufellesskap**

Ved Eksismoen er det mindre anlegg (villvent) på kvar bustad og eit større anlegg på fellesareala. Anlegga er utgått på dato og ein får ikkje tak i komponentar til desse.

#### **Oljeutskiljar brannstasjon**

Brannstasjonen har ingen oljeutskiljar. Dette er ikkje i henhold til regelverk og fører til at oljesøl går i grunnen.

Det er tidlegare løyvd midlar til dette formålet i KS 38/14 (250') og i KS 83/16 (150'). Totalt er det brukt kr. 63'. Prosjektet er klart til å realiserast i samarbeid med Ottadalen Anlegg AS. Midlane i 2019 erstattar tidlegare løyvingar.

#### **Støttemur Holvegen 2**

Ved 4-manns bustad i Holvegen er fleire støttemurar i fare for å rase ut (sikringstiltak). Ein av støttemurane ligg mellom 4 manns bustad og Holvegen, ei utrasing her vil difor vera ein risiko for trafikantane.

#### **Solskjerming Vågå ungdomsskule**

Det står att å skifta ut solskjerming på fasade nord-vest på Vågå ungdomsskule, etter at solskjerming på fasade sør-øst vart skifta ut i 2017. Solskjerming som står att å skifta ut, er i stor grad øydelagd og utslit. Prosjektet vart vedteke med kr. 0,35 mill. i økonomiplan for 2018-2021, og skulle gjennomførast i 2019. Prosjektet er prisjustert med nytt tilbod.

#### **Tiltaksplan VA Vågåmo**

Kommunestyret vedtok i KS 7/18 tiltaksplan for Vågåmo inkludert Sveaholen, med ei total ramme på kr. 35 mill. fordelt over 10 år. Ein av dei større tiltaka er sett i gang i 2018 (Nedre Langskåre). I 2019 er planen å projektere tiltaka i Øvre Langskåre.

#### **Forprosjekt Lalm vassverk**

Vågå kommune har i 2018 hatt tilsyn på vassverka. På vassverket på Lalm er det omfattande avvik, og 2019 vil bli brukt til eit forprosjekt for å finne ut korleis avviket skal lukkas. Slik det ser ut så er avviket så omfattande at det truleg er behov for nytt vassverk på Lalm.

#### **Tankbil (2020)**

Tankbilen som kommunen har er frå 1999 og har gått om lag 1 000 000 km. Tankbil er viktig sett opp mot kommunen sin beredskap. Tankbilen vil bli nytta til å forsyne befolkninga med reint drikkevatn i ein eventuell krisesituasjon, samt at den er heilt avgjerande ved branntrykkingar der det ikkje finst brannvatn lett tilgjengeleg. Skal vi sikre beredskapen i kommunen jf. kommunens beredskapsplanar trengst det å investere i nyare tankbil.

**Formannskapets framlegg:** Rådmannens forslag syner ein investeringskostnad på kr. 2,5 mill. for ein ny tankbil. Ny gjennomgang syner at ein får ein brukt tankbil med ynskja kvalitet til kr. 1,2 mill. Investeringsrame blir redusert frå kr. 2,5 mill. til kr. 1,2 mill (eks.mva (sjølvkost)).

#### **Gangbru over Finna (2020)**

Tiltaket vart begynt på i 2017, og kommunestyret vedtok i KS 90/17 at vidare arbeid skulle utførast i 2020. Tilskot til stadutvikling frå Oppland Fylkeskommune på kr. 0,5 mill. er gyldig ut 2020.

**Formannskapets framlegg:** Formannskapet meiner at ei bru over Finna er eit viktig tiltak for å knyte sentrum betre saman og gje barn og unge ein raskare og tryggare veg til skule/fritidstilbod enn det er i dag. Samstundes vil dette vere eit viktig Fysak tiltak for å knyte saman turstigane i Vågåmo.

Formannskapet ynskjer at arbeidet med bru over Finna skal setjast i gong i 2019, men at ein føresetnad er å følgje rådmannen si anbefaling om at nye låneopptak først vil bli gjennomført hausten/vinteren 2019. Renter og avdrag vil difor først bli aktivert for budsjettåret 2020 og difor ikkje ha verknad på Rådmannen sitt forslag til driftsbudsjetten for 2019. Formannskapet legg som føresetnad at det på nytt blir søkt om midlar knytt til trafikktryggleik og at ein nyttar tilskotsportalen for finne moglege alternative tilskotsmidlar.

#### **Symjehall**

**Formannskapets framlegg:** Formannskapet ønsker å realisere symjehall, og at investeringar til dette blir prioritert i økonomiplanperioden. Vidareført kr. 300,- frå 2018 til 2019 – det blir teke etterhald om å koma attende med ekstra tilskot for å få fortgang i bygging av ein ny symjehall.

## **4. EIGEDOMSSKATT**

Vågå kommune utvida frå og med 01.01.2014 eigedomsskatten til å gjelde heile kommunen, der det tidlegare berre var kravd eigedomsskatt for bustader i sentrumsområde (Vågåmo). Dei seinare åra har promillesatsen vore 4,3 promille av eigedomsskattegrunnlaget, med eit botnfrådrag på 100.000. For 2019 rår rådmannen til at dette blir verande uendra. Kommunestyret vedtok i KS 38/18 å kontorjustere eigedomsskattesatsane for 2019 med 10 %, medan vi ventar på omtaksering med verknad frå 2020.

Eigedomsskatt frå kraftverk auka med kr. 3,0 mill. Eigedomsskattegrunnlag for kraftverk er fastsett av staten. Dei endelige listene med eigedomsskattegrunnlag for kraftverk ligg ikkje føre på budsjetteringstidspunktet.

	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Inntekter frå eigedomsskatt	13 671	13 953	16 900

## **5. NÆRINGS- OG LANDBRUKSFOND**

Tilskot frå Oppland fylkeskommune og inntekter frå konsesjonsavgift er bundne midlar som må nyttast til næringsformål. I 2019 er dette budsjettet til kr 449' frå Oppland fylkeskommune, kr 795' frå konsesjonsavgift, i tillegg kjem renter av fondsmidlar på kr 20'.

Kommunestyret har i tillegg vedteke at landbruksfond skal styrkast med kr 150' og næringsfond med kr 500'. I kommunestylesak 101/14 vart det vedteke at 5 % av utbytte frå Eidefoss skulle avsetjast til næringsfond, for 2019 utgjer dette kr. 250'. Dette er frie midlar, og blir avsett til disposisjonsfond.

Total avsetjing til landbruksfond i 2019: 250'

Total avsetjing til fond for kulturbasert næring (arrangementsstøtte) i 2019: 75'

Total avsetjing til næringsfond i 2019: 1.839'

## 6. STATUS

### 6.1. Økonomi

Vågå la fram årsrekneskap både i 2016 og 2017 med eit mindreforbruk. Mindreforbruket har i all hovudsak vorte sett av til disposisjonsfond.

Den økonomiske situasjonen for Vågå kommune har dei siste åra vorte stadig meir utfordrande. Kraftinntektene har vore reduserte, samtidig med at overføringane frå staten minkar, mykje på grunn av nedgang i folketal.

Budsjett 2018 vart omtala som «omstillingas år» for Vågå kommune. Av ulike årsaker har ikkje omstillingasarbeidet kome så langt som ønskjeleg. Ny rådmann har målsetjing om at arbeidet skal prioriterast i 2019, både med omsyn til kommunens driftsnivå og interkommunalt samarbeid. Hovudfokus i denne planperioden har difor vore å få saman eit realistisk budsjett for 2019, for å sikre eit godt innslag for 2020.

Gjennom tertialrapportering i 2018 er kommunestyret kjent med at driftsnivået i Vågå kommune er for høgt. For å kunne nå vedtekne handlingsreglar må driftsutgiftene ned. Framtidige overføringer frå Staten vil bli redusert i åra framover, i tråd med at befolkningssamusetjinga endrar seg.

Framtidig mål er å minst oppfylle handlingsreglane. Med bakgrunn i auka kraftinntekter gjev det kommunen utvida handlingsrom til å setje i verk naudsynt omstillingasarbeid i 2019.

#### 6.1.1. Handlingsreglar for Vågå kommune

I økonomiplanen for 2017–2020, vart handlingsreglar for økonomistyringa i Vågå kommune formulert om, og er nå slik:

1. Korrigert netto driftsresultat skal årleg budsjetterast til minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
2. Disposisjonsfond skal utgjere minimum 12 % av brutto driftsinntekter ved utgangen av økonomiplanperioden.
3. Lånegjeld, med frådrag av vidareutlån og lån til sjølvkostområde, skal utgjere maksimalt 81 % av brutto driftsinntekter.

På grunn av dei økonomiske utfordringane Vågå kommune har i 2019 klarer vi ikkje å leve opp til handlingsregel 1 og 2.

## 6.1.2. Oversikt over netto driftsresultat korrigert for premieavvik og bundne fond

Netto driftsresultat er eit av dei viktigaste måltala for kommunal økonomi. Det viser forholdet mellom inntekter og kostnadar, og med dette korleis drifta i kommunen går i balanse. Talet blir reelt når ein tek bort tal som ikkje representerer reelle inntekter. I tillegg må ein ta omsyn til premieavvik frå pensjonar, samt bruk og avsetjing til bundne fond. Det ein da står att med er korrigert netto driftsresultat.

	Reknesk. 2015	Reknesk. 2016	Reknesk. 2017	Budsjett 2018	Ø.plan 2019	Ø.plan 2020	Ø.plan 2021	Ø.plan 2022
Netto driftsresultat	-23 334	-14 212	5 322	-6 720	-9 301	-11 473	-11 933	-12 273
Premieavvik	-1 056	2 982	2 847	7 038	11 096	11 096	11 096	11 096
Attendeført premieavvik	-2 770	-2 619	-3 045	-2 497	-3 625	-3 625	-3 625	-3 625
Avsetning til bundne fond	20 473	8 189	3 140	1 378	1 264	1 264	1 264	1 264
Bruk av bundne fond	-3 743	-4 212	-10 975	-1 743	-2 735	-2 735	-2 735	-2 735
Korrigert driftsresultat	-10 430	-9 872	-2 711	-2 544	-3 301	-5 473	-5 933	-6 273
Brutto driftsinntekter	-337 806	-340 269	-339 558	-318 233	-338 690	-338 690	-338 690	-338 690
Nto driftsresultat i % av brt. driftsinnt.	6,9 %	4,2 %	-1,6 %	2,1 %	2,7 %	3,4 %	3,5 %	3,6 %
Korr. nto driftsres. i % av brt. dr.innt.	3,1%	2,9 %	0,8 %	0,8 %	1,0 %	1,6 %	1,8 %	1,9 %

## 6.1.3. Rekneskapsføring av pensjon

Summen av medlemsinnskot (arbeidstakar sin del) og den delen arbeidsgjevar skal betale av lønsutbetalingane svarar til den totale pensjonspremien som kommunen betaler til pensjonsforsikringsselskapene for det aktuelle året.

I driftsrekneskapen blir det imidlertid utgiftsført det beløpet som pensjonsforsikrings-selskapene reknar ut (ut frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønsvekst og G-regulering) som årets pensjonskostnad for Vågå. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og utrekna pensjonskostnad blir kalla **premieavvik** og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen og i balansen.

Etter reglar i Forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar, er det gjeve moglegheit til at forskjellen mellom innbetalt premie og utrekna kostnad — i perioden 2003 til 2010 — skal kunne førast i rekneskapen over dei neste 15 år. Frå og med 2011 er regelen endra slik at premieavvik som oppstår frå og med 2011 kan førast i rekneskapen over dei neste 10 år. Frå 2015 skal premieavvik rekneskapsførast over 7 år. I driftsbudsjettet for 2019 er det budsettet å attendeføre (utgiftsføre) premieavvik med 3.625 mill. kroner (KLP 3857', SPK -232'). Dette er i hht. utrekningar frå pensjonsselskapene.

For Vågå har vi gjennom dei åra vi har hatt denne ordninga betalt meir i premie enn kva som har vore utrekna som pensjonskostnad. Pr. 31.12.17 er forskjellen mellom innbetalt premie og utgiftsført pensjonskostnad på 15,1 mill. kroner (arbeidsgjevaravgift kjem i tillegg). På grunn av at det er den berekna kostnaden, og ikkje det vi faktisk har betalt som blir ført i rekneskapen, har dette over år gjeve eit positivt premieavvik. Eit positivt premieavvik blir inntektsført i driftsrekneskapen det året premieavviket oppstår, og ført i balansen som "fordring" på pensjonsordninga. I dei etterfølgjande hhv. 15, 10 og 7 åra må akkumulert premieavvik kostnadsførast i driftsrekneskapen.

### 6.1.3.1. Rekneskapsføring av pensjon SPK

År	Premieavvik	Attendeført	Attståande
2008	-459	-25	-212
2009	140	5	-67
2010	259	-4	187

2011	-705	-21	-539
2012	-717	49	-1 207
2013	-960	121	-2 046
2014	-495	217	-2 324
2015	433	287	-1 603
2016	215	225	-1 162
2017	-109	196	-1 075

#### 6.1.3.2. Rekneskapsføring av pensjon KLP

År	Premieavvik	Attendeført	Attståande
2008	2 989	-636	9 941
2009	2 018	-835	9 324
2010	1 531	-850	10 005
2011	332	-952	9 385
2012	7 240	-985	15 640
2013	2 440	-1 709	16 371
2014	6 567	-1 953	20 984
2015	-1 426	-2 891	16 667
2016	2 587	-2 687	16 567
2017	2 785	-3 057	16 294


Netto framtidig forpliktning premieavvik (inkludert arb.g.avg)	16 181
Disposisjonsfond pensjon pr. 31.10.2018	15 393

#### 6.1.4. Lånegjeld

	Vågå 2017	Oppland 2017	Norge 2017
Netto lånegjeld pr. innbyggjar *	75 569	64 268	66 830

\* SSB/KOSTRA: A1. Konsern — Finansielle nøkkeltal og adm., styring og fellesutg

## Netto lånegjeld i kroner per innbygger



### 6.1.4.1. Lånegjeld, med frådrag av vidareutlån og lån til sjølvkostområde

Tek ein omsyn til tiltaka budsjettert i økonomiplanperioden vil handlingsregelen for lånegjeld ha følgjande utvikling:

	2019	2020	2021	2022
Langsiktig gjeld:	342 454	345 753	349 886	350 546
Utlån	58 927	60 153	62 053	62 053
Ubrukte lån	7 249	11 865	7 000	7 000
Nto.lånegjeld	276 278	273 735	280 833	281 493
Lån til sjølvkost	63 806	63 973	74 973	74 473
	212 471	209 761	205 860	207 020
	340 269	339 558	340 000	338 690
<b>Lånegjeld med fråtrekk i %</b>	<b>62,40 %</b>	<b>61,80 %</b>	<b>60,55 %</b>	<b>61,12 %</b>
			<b>59,28 %</b>	<b>55,88 %</b>
				<b>52,58 %</b>

## 6.2.Demografi

	2018	2023	2028	2033	2038	2043
0-åringar	31	31	33	33	32	32
Barnehage (1-5år)	150	160	165	172	174	167
Grunnskule (6-15år)	424	378	340	353	370	380
Vidaregåande (16-19år)	190	173	180	135	146	156
Vaksne (20-66år)	2082	2036	1990	1974	1967	1947
Eldre (67-79år)	535	561	577	591	578	589
Eldre (80-89år)	179	210	264	287	304	306

Eldre (90+ år)	47	44	42	60	79	102
	<b>3638</b>	<b>3593</b>	<b>3591</b>	<b>3605</b>	<b>3650</b>	<b>3679</b>

\*Middels nasjonal vekst



Folketalsutviklinga er særsviktig både i forhold til samfunnsutviklinga og til dei økonomiske overføringane frå staten. Demografi avgjer vekkinga av overføringane.

Vi ser ein markant attendegang for innbyggjarane i aldersgruppa 0–19 år. Samstundes ser vi at talet på innbyggjarar i yrkesaktiv alder (20-66 år) går sterkt attende. Dette blir særleg alvorleg når ein ser at gruppa over 67 år veks mykje.

Dette betyr at stadig færre skal finansiere velferdsordningane for å ei stadig større gruppe.

Utfordringane våre er å drive godt folkehelsearbeid og førebyggande arbeid slik at dei eldre innbyggjarane ikkje blir så kostnadskrevjande i framtida.

Tabellen under er henta frå KS- demografimodell basert på folketalsprognosar frå SSB:



### **6.2.1. Helsetilstanden i befolkninga**

Vågå kommune er eit Trygt lokalsamfunn og ei trafikksikker kommune, med fokus på førebygging av skader og ulykker. Gjennom ny folkehelselov er kommunen pålagt å drive helseovervaking, samt følgje med på negative og positive faktorar som kan verke inn. Særleg merksame skal vi vera på utviklingstrekk som kan skape eller behalde sosiale helseforskjellar. Folkehelsemeldinga, «Mestring og moglegheiter» (Meld. St. 19 (2014–2015) legg føringar for at kommunen i større grad skal legge til rette for helsefremjande og førebyggjande verksemnd.

### **6.2.2. Likestilling**

Kvinner utgjer om lag 80 % av dei tilsette i kommunen, det er vidare langt fleire kvinner enn menn som har deltidsstillingar. I kommune-Norge inkludert Vågå, blir det arbeidd for å redusere uønskt deltid og få innarbeidd ein heiltidskultur. Det vil i Vågå framleis vere eit mål å rekruttere fleire mannlege medarbeidarar i kvinnedominerte yrke. Gjennom Hovudtariffavtalen er det no også teke inn føring for den lokale lønspolitikken slik at den skal «utformes og virke slik at kvinner og menn likebehandles i vurdering av lønn og avansement for arbeid av lik verdi».

Kommunen ønskjer å vere open og inkluderande både i høve etnisitet og funksjonsnivå. Ved nyrekruttering skal minimum ein minoritetsspråkleg søker bli kalla inn til intervju dersom han/ho er kvalifisert for stillinga.

### **6.2.3. Integrering**

Vågå kommune er pro aktive med omsyn til mottak/ integrering og for å få flyktningar ut i meiningsfull aktivitet. Vi er deltakarar i prosjektet «flyktning som ressurs» i samarbeid med Høgskulen i Innlandet Lillehammer (HINN), Østlandsforskning (ØF), Fylkesmannen i Oppland, Oppland Fylkeskommune, Integrering og Mangfoldsdirektoratet (IMDI), og Arbeids- og Velferdsetaten (NAV Oppland og lokalt kontor). Samfunnsoppdraget er at flyktningar og innvandrarar skal bli sosialt, økonomisk og kulturelt integrert.

Integrering er ein kontinuerleg prosess og handlar om positivt samspel mellom innvandrarar, lokalsamfunn og offentleg sektor.

## **6.3. Beredskap**

Kommunane utgjer fundamentet i samfunnet sin kriseberedskap ut frå prinsippet om at alle kriser skal handterast på lågast mogleg nivå. Kommunane har beredskapsplikt jf. Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret og pliktar å utarbeide risiko- og sårbarheitsanalyse.

Risiko- og sårbarheitsanalysen kartlegg kva uønskte hendingar som kan inntrefte i kommunen, vurdere sannsyn for at hendingane kan kome til å skje og konsekvensar av desse. Det skal vurderast førebyggjande tiltak for å hindre at uønskte hendingar skjer og konsekvensreduserande tiltak om / når slike hendingar skjer.

Vågå kommune har overordna beredskapsplan som innehold ei oversikt over kva tiltak kommunen har førebudd for å handtere uønskte hendingar. Beredskapsplanen blir meir eller mindre kontinuerleg oppdatert, og kommunen gjennomfører beredskapsøving i tråd med Fylkesmannen sitt oppsett. Ut over dette har vi årleg møte i Beredskapsrådet og i den kommunale kriseleiinga.

I Vågå kommune har vi risiko- og sårbarheitsanalysar (interkommunal ROS) og overordna kommunal beredskapsplan.

I tillegg til overordna planar, så har vi også planar på dei forskjellige tenesteområda.

## 7. TILTAK I ØKONOMIPLANPERIODEN

### 7.1. Planoppgåver

I politisk vedteken kommunal planstrategi for planperioden 2016 — 2020 er det vist til revisjonsbehov for reguleringsplan for Vågåmo Vest, reguleringsplan for Vågåmo Aust inkl. industriområdet og for Lalm. Dette revisjonsarbeidet er omfattande. Planstrategien legg opp til at kommunen i planperioden startar prosessar med revisjon av reguleringsplan. Ved planrevisjon skal mål og strategiar i kommuneplanens samfunnsdel følgjast opp og planarbeidet skal skje i samsvar med føringar i kommuneplanens arealdel. Fokus på stadutvikling vil vere viktig i sentrumsområda i Vågåmo. Kommunestyret har prioritert igangsetting av regulering av industriområdet på Lalm.

Som ein konsekvens av NVE-rapport nr. 64—2018 om skredfarekartlegging vil det i samband med reguleringsplanarbeid for område som er råka av ulike faresoner vere behov for å greie ut kva tiltak som kan gjerast for ivaretaking av tilfredsstillande tryggleik, noko som krev kjøp av tenester.

Det vil vere behov for midlar for kjøp av tenester i samband med kommunen sitt arbeid med revisjon av reguleringsplanar og særleg for oppfølging av NVE-rapport nr. 64—2018 om skredfarekartlegging.

Det må ventast behov for tilstrekkelege administrative ressursar for oppfølging av private planprosessar for nye utbyggingsområde i godkjend kommuneplanens arealdel. I budsjett for 2019 er det avsett kr. 0,5 mill. til dette formålet.

ProsesSEN med revisjon av kommunedelplan for klima og energi fortsett inn i 2019.

Bustadsosial plan for Vågå kommune skulle vore revidert i 2018. Dette arbeidet har stoppa opp og revidering av planen skal gjennomførast i 2019. Denne planen må bli sett i samanheng med helse- og omsorgsprosjektet.

## 8. KONSEKVENSAR KNYTT TIL ÅRSBUDSJETT OG ØKONOMIPLANPERIODEN

### 8.1. Innsparingstiltak

Tiltak med større innsparingar i økonomiplanperioden, utgangspunkt er opphavleg budsjett 2018:

Tiltak	2019	2020	2021	2022
Formannskap: Redusert konsulentkjøp næring	-300	-300		
Barnehage, redusert bemanning frå hausten	365	365	365	365
Flytting Tessand barnehage	1082	1082	1082	1082
Kulturskule, omorganisering	186	186	186	186
Vaksenopplæring, redusert bemanning	325	325	325	325
Ungdomsskule, reduserte utgifter	616	616	616	616
Grunnskule, reduserte utgifter	279	279	279	279

Miljøterapitenesta, redusert bemanning	442	442	442	442
Helsetenester, redusert bemanning	300	300	300	300
Vågåheimen, redusert bemanning	210	210	210	210
Søke tilskot gjennomgåande	700	700	700	700
Innsparing meir interkommunalt samarbeid	250	250	250	250
Innsparing ikkje lovpålagde oppgåver	250	250	250	250
Teknisk, redusert bemanning	733	733	733	733
Avslutta eingongsauke landbruksfond	250	250	250	250
Auka inntekter konsesjonskraft	1500	1500	1500	1500
Auka inntekter eigedomsskatt	3000	3000	3000	3000
Auka utbytte Eidefoss	3200	3200	3200	3200
Reduserte avdrag lån	1800	1800	1800	1800

\*Alle tal i heile tusen

### 8.1.1. Kommentarar til innsparingstiltak

**Formannskapets framlegg: Rådmannens forslag legg opp til ei auke i eksternt konsulentkjøp på kr. 0,3 mill. i perioden næringskonsulent er utleid til Massivtre. Tidlegare føringar på at dette ikkje skal koste meir enn dagens drift. Konsulentkjøp redusert med kr. 0,3 mill.**

Med utgangspunkt i endring i Vågå kommune sine inntekter, så klarer vi ikkje å redusere ressursbruken utan at vi endrar tenestetilbode betydeleg.

Vågå kommune må i åra som kjem dreie ressursar frå barn og unge til helse- og omsorgstenester for vaksne. Barnehagen har redusert driftsbudsjettet det siste året, og tilsvarande må skje innan andre tenesteområde tilpassa framskrivi befolkningssamansetning.

Kommunestyret vedtok for 2018 å redusere ressursbruken knytt til helsestasjonen med ei stilling, som følgje av nedgang i barnetal. Kuttet vart gjennomført hausten 2018, og vil få heilårsverknad i 2019.

Som følgje av reduserte barnetal er det lagt inn innsparing i både kommunale barnehagar og grunnskule. Reduserte fødselstal har i fleire år hatt innverknad på barnehageområde. Dette har ført til omfattande strukturendringar i dei kommunale barnehagane, der den siste endringa var vedtaket om nedlegging av Tessand barnehage frå hausten 2018. Hausten 2019 vil reduserte barnetal og slå inn i grunnskulen.

Vågåheimen har redusert kjøkkenpersonale, med heilårsverknad frå 2019. Det er og lagt inn redusert bemanning på vaskeri og pleieavdeling, på til saman 0,58 årsverk. Den reduserte bemanninga vil ikkje påverke tenesteytinga.

Vågå kommune har vedtatt ei omstrukturering innan bufellesskapa, med endring av formål ved Moavegen til bukollektiv for eldre og Eksismoen til personar med psykiske lidingar og rus. Prosessen har diverre teke for lang tid og ein reknar med at ein må bruke fyrste halvåret av 2019 for å få ei endeleg avklaring.

Kommunestyret vedtok i budsjettet for 2018 ei innsparing på kr. 1 mill. som følgje av meir interkommunalt samarbeid. Innsparinga i kroner har ikkje vore mogleg å gjennomføre, men fleire samarbeidsområdet blir greia ut. Arbeidet er lengst kome innan helse, med samarbeid kring korttidsplassar, felles tildelingskontor og felles institusjonslege med Sel kommune.

Teknisk sektor har redusert bemanning innan vaktmeister og reinhald, som gjev heilårsverknad frå 2019.

Dei frie inntektene aukar kraftig i budsjett 2019, det meste på grunn av kraftinntekter. Eigedomsskatt frå kraft aukar med kring kr. 3 mill., der største parten kjem frå utbygging av Nedre Otta kraftverk. Som følgje av høgare straumprisar aukar kommunen sine inntekter frå sal av konsesjonskraft med kr. 1,5 mill., samt at godt resultat i AS Eidefoss gjev kr. 3,2 mill. meir i utbytte til eigarkommunane.

## 8.2. Tiltak som aukar driftsutgiftene

Tiltak med større auke i økonomiplanperioden, utgangspunkt er opphavleg budsjett 2018:

Tiltak	2019	2020	2021	2022
Formannskap: Renter/avdrag bru over Finna		175	175	175
Formannskap: ENØK private bustader	100	100	100	100
Formannskap: Vågå som arrangementsbygd	100	50	120	50
Formannskap: Auke kulturkontor	20	35	35	35
Formannskap: Avsetjing til disp.fond	80			
Samarbeid korttidsplassar	3000	3000	3000	3000
Auka tilskot private barnehagar	2500	2000	2000	2000
Redusert tilskot ressurskrevjande brukarar	1700	1700	1700	1700
Kommunal eigenandel tippemidlar	250	250	250	250
Auke med 1 kommunalsjef	970	1050	1050	1050
Etterløn avslutta stillingar	690	0	0	0
Løn prosjektleiar for eigedomsskatt	650	650	0	0
Galleri Ullinsvin	300	300	300	300
Munch — den nordlige rute, jf. KS 25/18	150	150	0	0
Redusert integreringstilskot	1500	1500	1500	1500
Auka utgifter grunnskule	2600	2600	2600	2600
Styrka leiing Miljøterapitenesta	660	660	660	660
50 % merkantil helse	275	275	275	275
Kjøp av konsulentbistand plan og miljø	500	0	0	0
Auka utgifter kommunale vegar	404	304	304	304
Avsetjing til disposisjonsfond breiband	1000	0	0	0
Ikkje gjennomførte vedtak				

### 8.2.1. Kommentarar til tiltak som aukar driftsutgiftene

Vågå kommune har inngått intensjonsavtale med Sel kommune om samarbeid kring korttidsplassar. Samarbeidet vil på eine sida føre til auka overføringer til vertskommunen Sel, samstundes som det er innsparingar i eigen kommune. Dette vil føre til redusert bemanning i heimesjukepleia (som driftar eksisterande korttidsavdeling i dag), og ein kan i helse og omsorgsprosjektet unngå å byggje eigne korttidsplassar som sparar kommunen for store låneopptak. Ein føresetnad er att Vågå sine framtidige korttidsplassar blir samla og lokalisert ved lokalmedisinsk senter på Otta. I tillegg vil det bli ei innsparings ved at ein ikkje lenger treng å kjøpe korttidsplassar i andre kommunar. Samarbeidet vil gje eit styrka tilbod for pasienten, med nærleik til lokalmedisinsk senter med tilhøyrande fagkompetanse.

Dei fleste områda som aukar er knytt mot område som vi i liten grad rår over. Grunnskule har fått auka andel elevar med særskilde behov, som fører til auka utgifter til lovpålagt spesialpedagogisk undervisning.

På grunn av fleire barn i private barnehagar må overføringane aukast der etter.

Integreringstilskot er stipulert til å bli lågare dei neste åra, samstundes er det auke i sekundærflytting frå kommunen. Mottak av flyktningar er ikkje lenger ei sjølvfølgje for norske kommunar. Her må Vågå kommune arbeide aktivt, å sökje samarbeid for å sikre mottak framover.

Prosjektet Galleri Ullinsvin vil i løpet av 2019 gå over i driftsfase. Til dette arbeidet har rådmannen sett av kr. 0,3 mill. utover tidlegare løyvingar til prosjektleiar. Som i 2018 er løn til prosjektleiar dekt av disposisjonsfond, med føresetnad om 50 % ekstern finansiering. Her må ein framover arbeide aktivt for å søkje midlar til framtidas driftsmodell, kor rådmannen reknar med at kommunen vil bli sentrale.

Lovendring i utrekning av tilskot til ressurskrevjande brukarar fører til lågare overføringer til kommunen på område. I tillegg er det i kommunen nå færre brukarar som fell inn under ordninga.

Innan helse og mestring har Miljøterapitenesta vorte styrka med ein avdelingsleiar, med bakgrunn i arbeidet med å lukke avviket frå Fylkesmannen. Det er lagt opp til å auke merkantil ressurs med eit årsverk, i første omgang ved at Miljøterapitenesta. Stillinga vil i framtida arbeidet med heile helseområdet. I budsjett for 2019 er det lagt inn ei 50 % stilling, medan resten av stillinga vil bli finansiert ved innsparing på vikarutgifter.

Område plan og miljø er styrka med kr. 0,5 mill. til oppfølging av NVE sin skredfarerrapport.

Inngåtte avtaler på vedlikehald av kommunale vegar er prisjustert, og det er lagt inn kr. 0,1 mill. i konsulentbistand for å utarbeide nye kontraktar.

I vedteken økonomiplan for 2018–2021 er det vedteke fleire innsparinger som rådmannen ikkje har gjennomført. Ambisjonane innan å redusere ikkje lovpålagede oppgåver og meir interkommunalt samarbeid er klare, men det er behov for meir tid og involvering for å sikre gode prosessar.

Miljøterapitenesta vil med ny turnus innføre stille rapport, som skal gi ei innsparing på sikt. Dette skal og gjennomførast i resten av helse og mestringsområde. Innan tekniske tenester er det vedteke å auke vegfond med kr 0,2 mill. samstundes som vegvedlikehaldsbudsjettet er redusert med kr. 1,6 mill. Vegfondet er auka i rådmannens budsjett, men innsparinga er ikkje mogleg å gjennomføre.

Toppleiinga vil bli styrka med ein kommunalsjef frå 2019, og det er i budsjettet lagt inn 11 månaders verknad. I tillegg er det lagt inn etterløn som i rådmannens forslag skal dekkjast av frie midlar.

Kommunestyret vedtok i sak 38/18 å opprette ei toårig prosjektleiarstilling for omtaksering av eigedomsskatt. Sjølv om det i Statsbudsjettet er lagt fram forslag om obligatorisk bruk av likningsverdi, vil behovet framleis vere tilstades. Likningsverdi kan berre nyttast for bustadeigedommar, gardsbruk og fritidseigedommar må framleis takserast lokalt.

I budsjett 2019 det lagt inn kr. 0,25 mill. til kommunal eigenandel tippemidlar. Midlane blir avsett til disposisjonsfond.

Rådmannen har i tillegg prioritert å få avsett midlar til breibandutbygging. Kommunestyret avsette kr. 2 mill. i budsjett 2018, for 2019 er det lagt inn avsetjing på kr. 1 mill.

**Formannskapets framlegg: Flytte fram gangbru over finna fører til økte rente og avdragsutgifter på kr. 175,- årleg frå 2020.**

**Formannskapets framlegg: Kulturkontoret blir styrka med kr. 0,1 mill. til arrangementstøtte, Vågå som arrangementsbygd.**

**Formannskapets framlegg: Kulturkontoret blir styrka med kr. 20,- i 2019 til arrangement.**

**Formannskapets framlegg:** Formannskapet ynskjer ein post på kr. 100' til Enøk-tiltak som det kan søkjast på til delfinansiering av Enøk-tiltak i private bustadar.

**Formannskapets framlegg:** Rådmannen har i sitt budsjett for 2019 avsett 1 mill. til utbygging av fiber innover Sjodalen. For å styrke dette vil formannskapet at ein avset ytterlegare kr. 1 mill. til disposisjonsfond breiband i 2019. Saman med avsette midlar for 2018 på kr. 2 mill., har ein då kr. 4 mill. til disposisjon for dette formålet. Avsetjing blir gjort frå andre oppsparte midlar (disposisjonsfond)

Vågå Kommune må fortsetja arbeidet med å søkje offentlege midlar for å sikre ei kvalitativ god utbygging i heile bygda og som sikrar alle husstandar god nok breibandshastigkeit.

### **8.3.Framlegg som ikkje påverkar talbudsjettet**

**Formannskapets framlegg:**

#### **Nærings- og bustadareal**

Formannskapet er opptatt av at ein og framover skal ha ei offensiv haldning til opparbeiding av næringstomter. I den samanheng meiner formannskapet at ein skal starte arbeidet med klargjering av to allereie utpeikte tomter på Kolbotn industriområde, dette etter sjølvkostprinsippet.

Det same gjeld å fortsetja arbeidet med å legge til rette for etablering av bustadtomter og fortetting i sentrumsområder både i Vågåmo og på Lalm.

#### **Kommunale tiltak**

Kommunale tiltak som utleige av for eksempel Gjendegarden skal etterstrevast å gå i balanse.

#### **Omklassifisering av kommunale vegar**

